

## KOMMISJONSVEDTAK

2010/EØS/67/11

av 20. oktober 2006

**om godkjenning av den planen som Tyskland har lagt fram i medhald av rådsdirektiv 2005/94/EF for førebyggjande vaksinasjon mot aviær influensa av undertypen H5 i visse driftseiningar i Nordrhein-Westfalen(\*)***[meldt under nummeret K(2006) 4906]***(Berre den tyske teksta er gyldig)**

(2006/705/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2005/94/EF av 20. desember 2005 om fellesskapstiltak for bekjempelse av aviær influensa og om oppheving av direktiv 92/40/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 57 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I Tyskland har det nyleg vore ei mengd positive funn av sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa A-virus av undertypen H5N1 hjå ville fuglar. Det vart òg påvist utbrot av sjukdommen i ei driftseining for fjørfe og i ein zoologisk hage.
- 2) Vaksinasjon mot aviær influensa av undertypen H5 og H7 kan vere eit godt middel for å førebyggje og motkjempe sjukdommen. Slik vaksinasjon er likevel ikkje vorten nytta enno ved driftseiningar for fjørfe i Tyskland.
- 3) Tyskland ønskjer å samle inn fleire opplysningar om bruken av vaksinasjon ved hjelp av ein omfattande feltstudie.
- 4) 24. august 2006 la Tyskland fram for godkjenning ein plan for førebyggjande vaksinasjon som skal gjennomførast ved tre kommersielle driftseiningar i Nordrhein-Westfalen, innanfor ramma av ein studie som skal vurdere den førebyggjande verknaden av ein vaksine av undertypen H5 mot aviær influensa gjennom vaksinasjon av fjørfe som vert haldne under normale feltilhøve.
- 5) Den framlagde planen for førebyggjande vaksinasjon inneheld dei opplysningane som krevst i artikkel 56 nr. 2 til direktiv 2005/94/EF, og er i samsvar med vaksinasjonsstrategien DIVA (Differentiating Infected from Vaccinated Animal). På grunnlag av ei vurdering av planen og drøftingar med Tyskland verkar det føremålstenleg å godkjenne planen.

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1***Plan for førebyggjande vaksinasjon**

1. Planen for førebyggjande vaksinasjon mot sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa av undertypen H5 som skal gjelde fram til 30. september 2008 og vart lagd fram av Tyskland 24. august 2006, vert godkjend.

I den førebyggjande vaksinasjonen skal det i samsvar med den nemnde planen, nyttast ein inaktivert vaksine av aviær influensa av undertypen H5N2 hjå tre utvalde driftseiningar for fjørfe i Nordrhein-Westfalen i Tyskland.

2. I dei driftseiningane for fjørfe som er nemnde i nr. 1, skal det utførast offentleg overvaking og høvelege tiltak for biotryggleik, slik det er fastlagt i planen for førebyggjande vaksinasjon.

3. Planen for førebyggjande vaksinasjon skal gjennomførast på ein effektiv måte.

4. Kommisjonen skal offentleggjere planen for førebyggjande vaksinasjon.

*Artikkel 2***Tiltak for avgrensing av flytting**

1. Den rette styresmakta skal sikre at
  - a) fjørfe, egg, skrottar av fjørfe og ferskt fjørfekjøtt frå fjørfe som vert haldne i dei driftseiningane som er nemnde i artikkel 1 nr. 11 («fjørfe og andre produkt»), ikkje vert flytte frå desse driftseiningane,

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 291 av 21.10.2006, s. 38, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 72/2007 av 6. juli 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 60, 13.12.2007, s. 1.

(<sup>1</sup>) TEU L 10 av 14.1.2006, s. 16.

b) fjørfe og andre fuglar i fangenskap ikkje vert tekne inn i dei driftseiningane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1 medan planen for førebyggjande vaksinasjon vert gjennomført.

2. Som eit unntak frå nr. 1 bokstav a) og i samsvar med planen for førebyggjande vaksinasjon kan den rette styresmakta godkjenne følgjande flytting av fjørfe og andre produkt:

a) flytting til det nasjonale referanselaboratoriet for aviær influensa i Tyskland,

b) transport for omgåande disponering innanfor Tyskland etter innsamling av høvelege prøvar som skal sendast til det nemnde laboratoriet.

*Artikkel 3*

**Reingjering og desinfisering av driftseiningar og transportmiddel**

1. Den rette styresmakta skal syte for at dei driftseiningane for fjørfe som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, er reingjorde og desinfiserte i samsvar med instruksjonane frå den rette styresmakta etter at alt fjørfe er fjerna frå driftseiningane.

2. Den rette styresmakta skal syte for at alle transportmiddel som er vortne nytta til flytting av fjørfe og andre produkt,

vert reingjorde og desinfiserte etter kvar transport med desinfeksjonsmiddel og metodar som den rette styresmakta har godkjent.

*Artikkel 4*

**Rapportar**

Tyskland skal innan éin månad rekna frå datoen då dette vedtaket tek til å gjelde, sende over til Kommissjonen ein rapport om gjennomføringa av planen for førebyggjande vaksinasjon.

Frå og med 3. oktober 2006 skal Tyskland kvart kvartal leggje fram rapport for Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa.

*Artikkel 5*

**Adressatar**

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland.

Utfërda i Brussel, 20. oktober 2006.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*